

ÅRSMELDING FOR ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2010



Prestegårdens pikeforening fotografert i prestegardshagen. Paktarbustaden i bakgrunnen. Sjø eiga nammeliste og kart. (Lokal registrering: Tore Gjære 28.02.1999.)

Kommune: Ørskog. Stad/adresse: Prestegarden

Datert til: 1910 – 1912. Gard nr: 91. Fotograf: Ukjend. Storleik: 16 - 22,5

Klausul: Ingen. Eigar: - - Lokal signatur: --

Motiv: Foreining, gruppeU15, kvinner, pikeforeining,

Identifiserte personar:

[\(1\) Hulda Marie Sjøholt](#) , [\(2\) Laura Valbø](#) , [\(3\) Marie K. Sjøholt](#) , [\(4\) Malla Sjøholt](#) ,
[\(5\) Lovise Riksheim](#) , [\(6\) Johanne K. Sjøholt](#) , [\(7\) Jensine Lillestøl](#) , [\(8\) Thea Elise Giskemo](#) ,
[\(9\) Antonetta Wulfsberg](#) , [\(10\) Marie Bårdsgjerde Valgermo](#) , [\(11\) Sofie Bårdsgjerde](#) ,
[\(12\) Anna Giskemo Grønningseter](#) , [\(13\) Marie Skarbø](#) ,
[\(14\) Birgitte Giskemo Bårdsgjerde](#) , [\(15\) Marie Sjøholt Mathiesen](#)

FAKI-0198.00004



Kommune: Ørskog

Stad/adresse: Nysætra

Datert til: 1930 - 1933

Gard nr: 96.

Fotograf: Ukjend

Storleik: 8 - 12,5

Klausul: Ingen

Eigar:

Lokal signatur:

Motiv: Stemne, arbeiderpartistemne, støl, personar,

Billettekst:

Postkort: "Oksvikstemne", Arbeiderpartistemne ved Nysætrastova i 1930-åra. (Lokal registrering: Tore Gjære 28.02.1999.)

Identifiserte personar: Ingen personar.





Å R S M E L D I N G F O R Ø R S K O G H I S T O R I E L A G Å R: 2 0 1 0

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

Ørskog Historielag kunne såleis markere 25 år i 2010!

§1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*
- b. å leite fram og systematisere opplysningar i skriftlege kjelder.*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde i Paktarhuset 2. mars 2010. 11 personar var til stades.

Årsmeldinga for 2009 og rekneskapen for 2009 vart godkjende utan merknader.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda utan at nemnda hadde funne fram til ny leiarkandidat for aktivitets-/museumsnemnda. Årsmøtet ga styret fullmakt til å finne fram til leiar og organisering av nemnda. Valnemnd var: Tore Gjære, Åse Karin Gjære og Magnhild Schmidiger. Arbeidsoppgåver for år 2010 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte. Årspengane for år 2011 vart auka frå 175 kr til 200 kr pr år.

Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

Styret:

- | | |
|-------------------|--------------|
| - Einar Landmark | leiar |
| - Petter Sjøholt | nestleiar |
| - Ragnar Bakken | skrivar |
| - Terje Misund | kasserar |
| - Jarle Erstad | styremedlem |
| - Brynje Vethe | 1.varamedlem |
| - Egil Vestre | 2.varamedlem |
| - Åse Karin Gjære | 3.varamedlem |

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- | | |
|----------------------------|--|
| - Teknisk utval: | 5 medlemmer – leiar Svein Stene |
| - Skriftnemnd: | 6 medlemmer – leiar Grethe Leikny Gjerde |
| - Aktivitets/museumsnemnd: | 4 medlemmer – leiar Karin Årdal |
| - Husstyre: | 4 medlemmer + 2 medlemmer frå Husflidslaget - leiar Arve Ørskog. |

I 2001 vart det vedteke retningslinjer for arbeidet i dei fire nemndene ovanfor.

- Fotoregistrering: 7 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø
- Kalenderkomite for 2011: 4 medlemmer – leiar Ståle Vestre
- Nemnd for Postvegen: 4 medlemmer – leiar Jan Lande
- Revisorar: Oddhild Frøysedal og Trude Fimland Sjøholt
- Valnemnd for 2010: Åse Karin Gjære – Tore P. Gjære – Magnhild Schmidiger

Styret har i meldingsåret hatt 9 møte:

17. mars – 13. april – 25. mai - 1. juli - 9. august – 30. august - 17. september – 21. oktober - 13. januar - 28. februar. Styret har handsama 57 protokollerte saker. Medlemstalet i 2010: 198 inkl. 5 verksemder – jf. årsskriftet for 2010. Dette er ein netto auke på 18 frå året før.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 13.04.10 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. 21 personar tok del på møtet. 21. oktober var styret samla saman med årets kulturprisvinnar Tore Gjære og tidlegare prisvinnar Rolv Amdam til ei enkel markering i Paktarhuset. På førehand hadde vi samling for fotografering ved og i kvernhuset i Wensellelva.

Frå styreprotokollen tek vi med i stikkords form dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret - val av leiar i aktivitets/museumsnemnda.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåvene.
- ✓ Besøk av leiar i Frvilligsentralen – orientering om arbeidet.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking og gjennomføring.
- ✓ Ørskog Historielag 25 år – ulike jubileumsmarkeringar.
- ✓ Årsmøte Sunnmøre Historielag - Sjøholt 30. mai – deltaking med markeringar frå vårt lag.
- ✓ Kveldseta – drøftingar – oppsett av tema – fordeling av oppgåver.
- ✓ Samling etter Olav Oksvik – oppfølging. Oppretting av stifing. Statuttar for stifinga. Oppnemning av representantar frå vårt lag: Karin Årdal, Hilde Sørдал og Mons-Olav Walgermo. Vararepr: Brynje Vethe, Åse P. Gjerde, Ragnar Bakken.
- ✓ Statue Olav Oksvik – ei eiga nemnd arbeider med saka.
- ✓ Renovering av Paktarhuset – tilkomst for funksjonshemma m.m. Arbeid med saka.
- ✓ Invitasjon frå Tom Abelvik – med påfølgjande besøk i Apalvika
- ✓ Kvernhus på Lande - Arnegarden. Førespurnad.
- ✓ Bygdevandringar – Langskipsøya 13. juni og sentrumsvandring 18. september. Planlegging av vandringar i 2011: Amdam og Sjøholt sentrum.
- ✓ Video om Lokomobilen – samarbeid med Olav Kjetil Sjøholt.
- ✓ Medlemsverving. God tilvekst i 2010. Vervebrosjyre trykt og utdelt.
- ✓ Ferdigstilling av kvernhuset.
- ✓ Postveg marsjen 2010 + kulturminnedagen – slått saman – 12. sept. Opning av kvernhuset som del av kulturminnedagen.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank og Ørskog kommune. Jf. Rekneskap 2010.
- ✓ Sikring av malmgruvane.
- ✓ Lokomobilen flytta til nytt hus i Bankparken. Utarbeiding av tekstar til plater for Sjøholt Hotell og Lokomobilen i paviljongen.
- ✓ Ja, til deltaking på Ørskogdagane i mai 2011.
- ✓ Oppdatering m.m. - ætteboka for Ørskog.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m.
- ✓ Vern av gravminne Ørskog kyrkjegard – førespurnad frå Soknerådet.
- ✓ Bygningsmessige endringar Paktarhuset – avslag på søknad Fylkeskonservator. Anke.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
- ✓ Verdiveka september 2010 – deltaking frå ØH med sentrumsvandring.
- ✓ Arkivering av lagsprotokollar m.m. - drøfting om samarbeid med kommunen om rom i Rådhuset. Saka er ikkje slutført.
- ✓ Scanning av Amerikabrev? Eventuelt samarbeid med Sunnmøre Historielag og Stranda Sogelag. Saka ikkje avklart - standpunkt ikkje teke.
- ✓ Førebuing av årsmøtet 2011.

Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemnder og utval – der vi tek med:

- ✓ Årsskriftet for 2010.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf eiga nemnd.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Klarsignal om arbeid som kan gjerast.
- ✓ Utsmykking Ørskoghallen – smijernsprosjektet er fullført.
- ✓ Kyrkjeboka - digitalisering.

Ørskog Historielag saman med Ørskog Rotary har sidan 1995 årleg gjeve ut **Ørskogkalendaren** – med biletmotiv frå Ørskog.

Frå 2001: Laga har hatt ansvaret for utgjevinga annakvart år. Ørskog historielag for 2002.

Kalendaren for 2011 har Ørskog Historielag hatt ansvaret for.

Ørskog Sparebank har kvart år kjøpt ein stor del av opplaget til utdeling til husstandar i Ørskog.

Kveldsete/bygdevandringar: Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsete vore avvikla med desse **7 temaene**:

- 3. mai 2010: Skogbruk i Ørskog v/Karl G. Kirkreit – 18 personar.
- 13. juni 2010: Bygdevandring på Langskipsøya ved Rolv Amdam og Gudbjørg Stige – 50 personar
- 7. september 2010: Tau ved Kåre Gausnes – 18 personar.
- 18. september 2010: Bygdevandring i Sjøholt sentrum ved Petter Sjøholt og Tore Gjære - 30 personar.
- 5. oktober 2010: Drakttradisjonar i Ørskog. Folkedrakter og bunader ved Åse Karin Gjære – 21 personar.
- 2. november 2010: Oppdatering av bygdeboka/ættesoga ved Ole Øystein Nybø og Stein Arne Fauske – 19 personar.
- 8. februar 2011: Bergverksdrift i Ørskog ved Ove Eide – 16 personar.

Det er så langt planlagt kveldsete 5. april 2011 med tema Olav Oksvik, bygdevandring på Amdam

19. juni og sentrumsvandring under Ørskogdagane i slutten av mai.

Samla oversyn over alle kveldsseta sidan 1998 finn vi på laget si heimeside:

www.orskog.historielag.org

Husstyret – frå arbeidet til husstyret tek vi med:

- ✓ Medlemmer: **Arve Ørskog** (leiar) - Olav Jan Bårdsgjære – Gunnar Tenfjord – Jorunn Giskemo + 2 medlemmer valde frå Husflidslaget.
- ✓ Reingjering m.m. er utført.
- ✓ Plenslått og stell utandørs.
- ✓ Arbeidet med tilkomst for rørslehemma har gått vidare – utan at ein har kome vesentleg vidare med tiltaket i 2010. Dette har i første rekkje samanheng med at Fylkeskonservator har vore relativt restriktiv med å gje opning for å få tiltaket realisert. Fylkesmannen sitt avslag i saka vart anka til Riksantikvaren. Endeleg vedtak er så langt ikkje gjort – jf. nedanfor.
- ✓ Paktarhuset har også dette året vore ein del nytta til møte og samkomer.

Vi tek også med at Fylkeskonservatoren har bestemt at teknisk tilstand for alle freda bygningar i privat eige i Møre og Romsdal skal registrerast. På grunnlag av gjennomgang av aktuelle tiltak knytta til Paktarhuset, vart det søkt om løyve til å gjennomføre dei tiltak rapporten frå Fylkeskonservator peika på. Positivt svar er motteke og Ørskog Historielag ser det viktig å prioritere desse arbeida utover i 2011 innafor dei retningslinjer som er gitt. Oppussing av baderommet er eitt av desse tiltaka.

Leiaren for husstyret skriv m.a. som innspel til årsmeldinga:

Husstyret har i haust arbeidd med å planlegge og utarbeide prioriteringsliste over vedlikehaldsarbeid på Paktarhuset. Petter Sjøholt har utarbeidd liste over det som skal gjerast, og

vi kontakta Christ. Allan Sylthe ved fylkesantikvarens kontor, for å hjelpe oss med prioriteringslista. Dette fordi fylket har løyvd pengar til arbeidet, og har ei eiga liste som viser kva dei meiner er viktigast å ta fatt på først. Møtet med Sylthe var avtalt den 20. oktober på Paktarhuset, men vart avlyst 10 minutt før start, da han ringte og meldte avbod. Husstyret hadde møtt mannsterke opp og avvikla møtet der også historielagsleiaren deltok. Vi vart einige om å gå vidare med å få bygd om huset med tanke på universell utforming, som seier at handikappa skal ha tilgang.

Den 27. oktober vart nytt møte med Sylthe avtalt med kort varsel, og der møtte Tore Gjære, Petter Sjøholt samt underteikna. Sylthe kom med synspunkt på kva som kunne gjerast, og korleis det skulle utførast. Det viktigaste var å reparere begge inngangspartia. Han hadde og diverse namn på handtverkarar og firma som kunne hjelpe oss både med råd og arbeid.

Vi på vår side ga grei beskjed om at, skulle vi vere tent med å bruke huset vidare, så må løyve til å bygge handikapptilkomst verte innfridd. I staden før kjørerampe, så vil vi prøve å bygge ein løfterampe, noko Sylthe var einig i var ei betre løysing.

Våren kjem fort, og planlegging og fordeling av arbeidsoppgåver og utføring av desse, samt detaljplanlegging av tilkomsten vert viktige å få på plass. Pengane som er løyvde, har vi ein frist på to år til å bruke til vedlikehaldsarbeidet, pengar til handikapptilkomst må skaffast på anna vis. Det kan søkast tilskot til dette gjennom kommune, fylke og ulike organisasjonar.

23. februar 2011 var representantar frå Riksantikvaren på vitjing. Dei fekk møte styret i ØH som gjekk gjennom behov og planar for tilkomst for rørslehemma. Laget ventar no på neste utspel frå Riksantikvaren.

Skriftnemnda – frå arbeidet i nemnda rapporterer leiaren:

- ✓ Medlemmer: **Grethe Leikny Gjerde** (leiar) - Bjørn Steinar Skarbø – Øyvinn Danielsen – Solfrid Viset – Karl G. Kirkreit – Einar Landmark.

Årssrapporten frå nemnda:

Skriftstyret har hatt åtte møte pluss nokre arbeidsøker i slutfasen og distribueringsfasen fordelt på paktarbustaden, samfunnshuset og gamlebanken. Det har vore møte der idear har vorte kasta fram, og der aktuelle personar å spørje har blitt tenkt ut. Vi opplevar at vi får god støtte frå mange bidragsytarar. Det har ikkje vore eit problem å få inn nok stoff, og det stor velvilje å møte hos dei vi spør. Annonnene til årsskriftet gjekk det også i år greitt å få inn, og vi er takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årsskriftet på denne måten.

Vi held fram med å presentere notisdstoff i årsskriftet, i år gjennom presentasjon av kunstnaren Tine Qvale og låveprosjektet hennar for elevar i Ørskog-skulene. Vi har også ein liten årskavalkade i form av bilete frå hendingar gjennom året 2010.

Vi held også fram med perler frå fotoarkivet, og her har Ole Øystein Nybø hatt hand utvalet. I år drøfta vi om vi skulle satse på innbinding med stive permar i år. Det kunne passe i høve historielagets 25års jubileum. Vi hadde ute ein anbodsrunde, og valde Hatlehols trykkeri på Brattvåg.

Årsskrift 2010, hefte nr. 20, kom ut med 153 side mellom stive permar der forsida er pryda med låven på Einagarden, og baksida med årets kulturprisvinnar, Tore Gjære, saman med dei to tidlegare kulturprisvinnarane frå historielaget, Rolv Amdam og Hans O. Sjøholt. Det er variasjon i tema, men vi prøver å halde tradisjonen med å presentere næringsverksemd i Ørskog.

Innholdslista ser slik ut:

Forord

Ørskog historielag 25 år, *Ragnar Bakken*

Møbelpioner Bjarne Hansen, *Einar Landmark*

Kvernhuset i Wensellelva opna, *Einar Landmark*

Eit låveprosjekt, *Tine Qvale*

Folkehøgskulebygget som flytte frå Skodje til Ørskog, *Einar Landmark*

Hus og omnar frå keltisk jernalder, *Trond Eiliv Linge*

Arkeologiske utgravinger på boligtomten høsten 2008, *Eldbjørg Haughton*

Langskipsøya i historisk perspektiv, *Rolv Amdam*
Minner frå Langskipsøya, *Gudbjørg Stige*
Ei røvarhistorie om Isachsønene og Christen Lindberg, *Ole Øystein Nybø*
Kvarts- og feltspatgruvene i Ørskog, *Ove Eide*
Arbeidsleir Nr. 25, *Tore Gjære*
Ørskog Vidaregåande skule, *Ragnar Bakken*
Sætreminne, *Turid Valbø Haddal*
Likt og ulikt frå ei prestekiste, *Øystein Kjølberg*
Steinholtbrua – eit 100-årsjubileum, *Ove Eide*
Tau, *Kåre Gausnes*
Målar-Ole på Målarplassen, *Magnhild Eide*
Om skogbruk i gamle dagar, *Karl Georg Kirkreit*
Perler frå fotoarkivet, *Ole Øystein Nybø*
Hendingar i Ørskog 2010, *Bjørn Steinar Skarbø*
Årsmelding for Ørskog historielag 2009
Medlemer 2010
Annonser

Teknisk utval – arbeidet i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Svein Stene** (leiar) – Ola Gausnes – Steinar Leganger – Einar Vestre – Arnfinn Hanestadhaugen.
Oppgåver og arbeid har særleg vore knytta til:
- ✓ Lokomobilen – vedlikehald. Oppstart av Lokomobilen på Ørskogdagane 29. og 30. mai 2010. Lokomobilen vart flytta over i nybygd hus i Bankparken. Her har klenodiet fått sin plass ved sida av modellen av Sjøholt Hotell
- ✓ Ferdigstilling av vassrenna til kvernhuset. Rydde- og tilordningsarbeid ved kvernhuset. På kulturminnedagen kunne ØH stolt innvie kvernhuset. Pådrivar gjennom mange år for dette prosjektet – Tore Gjære – stod for opninga. Ein milepel i laget si søge – og ei av dei viktige markeringane i jubileumsåret 2010.
- ✓ Rydding av skog ved kraftstasjonen.
- ✓ Rydda råsa og bana frå Lid ned til Arnt Hansen. Sprøyting for å halde småskogen nede.
- ✓ Arbeidet med utsmykkingsoppdraget for Ørskoghallen har pågått og i romjula vart kunstverket offisielt avduka. Det markerer på ein fin måte Ørskog som ei skibygd, og skulpturen vitnar om solid handverk frå medlemmene i smigruppa i ØH.
- ✓ Noko arbeid med festing av takstein på Paktarhuset er utført.

Aktivitets – og museumsnemnda – arbeid i meldingsåret:

- ✓ Medlemmer: **Karin Årdal** (leiar) – Leidulf Reite – Kåre Myren – Jostein Vestre

Årsrapport frå nemnda:

Vi har hatt fem møte, møtestad har vore Paktarbustaden. I tillegg var nokre av oss med på planleggingsmøta som kommunen og Friluftsrådet hadde i samband med Kulturminnedagen 12.09. Aktivitetar vi har vore med på er først og fremst Kulturminnedagen og Postvegmarsjen 12. september. Det var god deltaking på marsjen og fleire stoppa i Prestefjæra for å vere med på dei ulike ativitettane. I samband med Kulturminnedagen var det også opning av kvernhuset i Wenzel-elva ved Tore Gjære.

Det vi har vore mest opptekne av elles, er korleis ein best kan ta vare på og registrere alle dei gjenstandane Historielaget har fått i gåve. Vi synest dette har vore ei stor og utfordrande oppgåve og sende difor eit notat til styret med ein del spørsmålsstillingar. Vi ville gjerne at dette skulle drøftast i styret før vi gjekk i gang:

- ✓ Korleis og kvar bør dei ulike gjenstandane oppbevarast? Kan det vere aktuelt å ha noko av dette andre stader i bygda enn på Paktarbustaden?

- ✓ Skal ein ta vare på alle gjenstandane uansett kvalitet/ verdi?
- ✓ Kva mandat har nemnda til å ta stilling til det som er nemt i punkta ovanfor?
- ✓ Bør Historielaget bli meir restriktiv til å ta i mot gåver så lenge ein ikkje har høvelege lokale til oppbevaring?
- ✓ Korleis kan andre få glede av tinga som Historielaget har teke hand om?

Fotoregistreringsgruppa:

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog. **Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa som i tillegg har desse medlemmene: Heidi Heggem, Tore Tenfjord, Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

Fotoregistrering 2010:

Fotoregistreringa har vore hemma av at FylkesFOTOarkivet sin arkivar gjekk ut i permisjon tidleg i haust, og først i februar 2011 var ny vikar klar til å ta imot oppdrag med avfotografering. På grunn av at det lenge var uvisst når vikar kom på plass, har vi heller ikkje kunne samla inn bilete.

Vi har likevel arbeidd ein del med tekst og identifisering av personar på ein god del bilete vi veit vi får låne. Så vi vonar å vere i fullt gjenge att utover våren 2011. På FylkesFOTOarkivet kan ein under Ørskog i dag finne **698 bilete som alle på ein eller anna måte angår Ørskog**.

Vi finn bileta på: FylkesFOTOarkivet, <http://www.fylkesfoto.no>

Digitaliseringa av kyrkjebøkene (KB)

Dei to eldste KB er no ferdig registrert. Det vil seie 1720-1743 og 1743-1773. Fram til 1759 omfatta dette kyrkjesokna Stranda, Stordal, Sykkylven og Ørskog. Etter den tid berre Sykkylven og Ørskog. Dette er no under korrekturlesing. 4 til 6 personar møtest tysdagane på biblioteket for kritisk gjennomgang av det som er registrert. Håpet er at i løpet av 2011 skal mykje av det vere ferdig korrigerert.

Vi er så vidt komne i gang med å registrere også den tredje KB, 1773-1809. Og vi har som mål at i løpet av 2012 skal også den fjerde, 1810-1817 vere ferdig registrert.

Ole Øystein Nybø er primus motor i dette arbeidet. Fleire medhjelparar tek del i korrekturlesinga!

Vi kan nytte oss av arbeidet ved å gå inn på nettstaden til Digitalarkivet <http://www.digitalarkivet.no>

Postvegen – eiga nemnd: Jan Lande (leiar), Elling Ødegård, Kristian Tøsse og Rolf Hatlen.

Det har vore relativt liten aktivitet i meldingsåret. Vi tek med nokre glimt – også tilbake til 2009 – for å kunne få status på dei arbeida som ligg framføre. 1. mai 2009 vart det halde synfaring av Postvegen frå Kvandalsvegen mot Vestnes grense. Deltakarar var: Einar Landmark, Tore Gjære og Jan A. Lande. Dessutan tok Gunnar Braute del. Gunnar Braute har laga eit kostnadsoverslag til laget/Friluftsrådet. Overslaget syner ein kostnad på ca 885.000 ekskl. MVA.

Dugandsarbeid på første del av vegen var tenkt gjennomført i 2010 – dette omfattar m.a. rydding av kratt. Arbeidet har ikkje kome i gang. Elles er det nokre grunneigarar det må forhandlast med for det som gjeld bruk av grunn til opprusting av Postvegen.

I 2009 vart det kjøpt 8 stk PVCrør 300x6000 mm til bruk i stikkrenner i Postvegen. Til dette fekk ein stønadsmidlar frå Fylket. Desse røra er lagra hos Kristin T. Amdam.

Postvegmarsjen vart arrangert for 7. gong 12. september 2010. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag – jf. eigen omtale.

Smiarbeid:

Geir Leslie Bjørkelund smed og instruktør saman med lokale «smedar» har laga eit kunstverk i smijern som no er plassert i den nye Ørskoghallen. Ei stor takk til alle som har vore med å få realisert prosjektet. Kostnadene er dekte av Ørskog I.L. - samla 25.000.

Kunstverket er plassert fremst inngangen til hallen.

Nettsider Ørskog Historielag: Laget har i fleire år hatt egne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære (innhald) og Øyvind L. Gjære (utforming) for flott arbeid. Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: www.orskog.historielag.org
Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

Ørskogkalenderen:

Ørskog Historielag hadde i 2010 ansvaret for kalenderen for 2011.

Komite: Ståle Vestre (leiar) – Asgeir Kvernberg – Anne Berit Amdam – Ingrid Sveen Eide.

Komande kalender – for 2012 vert Ørskog Rotary si oppgåve.

Alle husstandar har fått kalenderen – utsendt av Ørskog Sparebank.

Rekneskap for året 2010: Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet.

Framover: Styret vil snarast etter årsmøtet halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2011.

Viktige prosjekt for vidare arbeid og prioritering vil m.a. vere – til drøfting på årsmøtet – vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene – for så hardt arbeid:

- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Vidareføre arbeidet. Statue – eiga nemnd.
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart?
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid.
- ✓ Malmbana – vedlikehald.
- ✓ Lokomobil. Vedlikehald. Oppstart.
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Her står mykje arbeid framføre.
Kanskje kome fleire steg vidare med tilkomst for rørslehemma.
- ✓ Årsskrift nr 21 – for år 2011. Innhald og arbeid.
- ✓ Ørskogkalendar for 2012: Ørskog Rotary har ansvaret denne gongen.
- ✓ Gåver – kva skal vi ta mot – korleis ta vare på – registrering m.m.
- ✓ Avtale med Ørskog kommune om arkivordning i Rådhuset for lag og organisasjonar.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kyrkjebøkene – framhaldande arbeid med digitaliseringa.
- ✓ Arbeidet med kulturminneatlas i samarbeid med Ørskog Kommune.
- ✓ Tilskipingar – kulturminnedagen 11.09.11 med tema:»Skjulte skatter. Spor i landskapet».
- ✓ Registreringsarbeid – arkivering m.m. Arkivplass i Rådhuset (bomberommet) ?
- ✓ Postvegen – starte arbeidet i Landedalen/Ørskogfjellet. Postveg marsjen for 8. gong.
- ✓ Kveldsete om lag 6 arrangement pr år – ei merkevare for ØH!
- ✓ Bygdevandringar – m.a. Sentrumsvandring i verdiveka i september. Vandring på Amdam
- ✓ Bygdebøkene/ættesoga – kome vidare i samarbeid med Ørskog Sparebank?
- ✓ Stadnamnbok for Ørskog – samarbeid med Skodje og Ørskog mållag?
- ✓ Småbedrifter i Ørskog – registreringsarbeid.
- ✓ Landingsvøren på Amdam – gjere noko?
- ✓ Valbøkanalen.
- ✓ Kvelvingsbrua over Svartløkelva
- ✓ Deltaking/markeringar på Ørskogdagane.
- ✓ Meir aktiv medlemspleie – særleg i høve nye medlemmer.
- ✓ Medlemsverving. Vidareføre det gode resultatet frå 2010.



Ørskog Historielag 2010 – der vi spesielt trekkjer fram:

- ✓ Ørskog Historielag 25 år!
- ✓ Tore Gjære fekk Ørskog kommune sin kulturpris. Tidlegare prisvinnarar: Hans O. Sjøholt og Rolv Amdam. Laget vårt kan vere stolt!
- ✓ Fullføring og opning av kvernhuset
- ✓ Lokomobilen inn i nytt flott hus! Takk til Ørskog Sparebank!
- ✓ Vellukka bygdevandringar.
- ✓ Fine og godt besøkte kveldsete
- ✓ Eit årsskrift vi kan vere stolte av!
- ✓ Ein Ørskogkalender som bygdefolket set pris på!

Styret vil til slutt rette ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2010.

I eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside heiter det:

”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

For styret i Ørskog Historielag år 2010.

Ragnar Bakken – skrivar –
historielaget årsmelding 2010



**Frå opninga av kvernhuset i Wensellelva – Tore Gjære stod for opninga.
Tore Gjære vart i 2010 tildelt Ørskog kommune sin kulturpris.
Vi gratulerer!**

